



DEN NORSKE KYRKJA

Lavik Sokneråd

Møte i Lavik sokneråd 9. mai 2022

Tilstades:

Toril Lange, Torunn Styve, Katrin Ringereide Borlaug, Monica Sunde Tjønnås, Rolf Aamot, Karl Hjelmeland., Terje Båtnes

Innkalling, referat og sakliste vart godkjende utan merknad.

Meldingssaker:

04/22 Sidan sist.

Gudsteneste: samtalegudsteneste 13. mars med konfirmantar; det vart bemerka at det var påfallande lite oppmøte – ikkje alle konfirmantar hadde foreldre med eingong.

Påskemåltid 14. april vart som vanleg ei fin samling med i overkant av 25 tilstades – folk frå både Lavik, Høyanger og Kyrkjebø i tillegg til fleire hytte-buarar.

Høgtidsgudsteneste 1.påskedag 17. april var med 15 frammøtte.

Gudsteneste 1. mai vart fin – ca 55 tilstades, mange born og foreldre. Prost i Sunnfjord Knut Magne Nesse talte, og det var eige opplegg for borna under preika i tillegg til at borna song eit par songar, trekspel musikk og avskjedsseremoni for Toril Lange og Karl Hjelmeland.

Årsfest/årsmøte: 30. mars på Alværa. Det er alltid koselig å samlast til ein enkel middag, kaffi og kaker, litt program – pianomusikk og quiz i tillegg til tradisjonelle årsmøtesaker. Gledeleg at fleire barnefamiliar var med! Denne gongen var vi ca 30 stk.

Trusopplæring: Myldresamling 23. mars, T- dag 16. mars på kyrkjekontoret og Fredagskveld på Alværa 22. april; Ein stor del av born i dei aktuelle aldersgruppene deltek på desse samlingane

Påskevandring – palmesøndag var det påskesamling for barnefamiliar rundt og i kyrkja. 8 born med sine vaksne møtte.

Fellesrådsmøte: Kort gjennomgang av møteprotokoll frå møtet 28. april.

Dugnad ved kyrkja – med 7 sett med hender i eit variabelt vær 2. mai. Koseleg, og fekk ruska opp i ein del ugras og rot.

05/22: Fasteaksjonen 2022 Konfirmantar og litt fleire deltok med bøsser.
Det kom inn kr.11 003 i bøssene, resten på Vipps; til saman kr.18 747; noko meir enn i jfor.

06/22: Helgestunder 2-2022. Til neste nummer, frist 23.mai: Toril skriv litt om dugnad og påskefeiring – Torunn skriv litt om fredagskveldar og årsfest.

0622: Ny biskop i Bjørgvin – prosess og namneforslag. Tilsetjing febr.2023. Vert meir om dette på møtet i august. Alle kan kome med forslag på kandidatar.

07/22: Kyrkjetenarar i Lavik – Audun og Bjarne ber om om avløysing. Vi må vurdere om det er mogeleg å halde fram som no – på dugnad – eller om ein må løyse det på annan måte.

Vedtakssaker:

14/22: Gudstenestene vidare.

Vedtak: Vi sette opp klokkarar og kyrkjetenarar fram til sommaren. Sjå vedlegg.

15/22: Konfirmasjonsgudstenesta – 26. mai..

Vedtak: Vi fordelar nokre oppgåver slik:

- **Kyrkjevert:** Rolf Og Tonje
- **Klokkar:** Toril
- Vi håpar at Tonje som nestleiar kan stå for ei **helsing** frå soknerådet og utdeling av ei rose til kvar konfirmant
- Torunn **bestiller roser** til konfirmantane.

16/22: 50 -årskonfirmantar. Det er tradisjon for å markere at det er 50 år sidan konfirmasjonen. Dette skjer i år på gudsteneste 28.august. Vi har namna på alle.

Vedtak: Torunn spør ein av dei om å trekke i trådar og organisere eit treff. Kyrkjekontoret kan bidra med utsending av brev og invitasjonar.

17/22: Trusopplæring hausten 2022

Så lenge det er uvisst om /når ein får tilsett nokon i stillinga som trusopplærar, ligg det lønsmidlar som kan nyttast til td prosjekt eller timebetaling. Vi har sidan før pandemien sysla med tanken om å invitere gruppa «Naboen min» frå Bergen til eit eindags-arrangement for og med born. I ilfelle tenkjer vi å invitere frå heile kommunen samt Hyllestad, og

Vedtak: Torunn kontaktar «Naboen min» ang eit evt arrangement i sept/oktober (aktuelle datoar 17/9, 24/9, 1/10. Elles planlegg vi å vidareføre dei tiltaka vi har hatt; myldresamling, T-dag og Fredagskveld.

18/22: Vask av kyrkja Det vert Vaskedugnad i kyrkja onsdag 18.mai kl 12-14, slik at kyrkja er fin til konfirmasjonen.

19/22 Opa kyrkje i sommar Vedtak: Vi vel å ikkje ha opa kyrkje i sommar, men Lavik Fjordhotel kan få tilbod om å oppbevare ein nøkkel fo revt omvising dersom det er ynskje om det.

Merknad: e-postadresse Terje Båtnes: tbaat@online.no (han har ikkje fått e-postane frå kyrkjeverge etter at han slutta i jobben i Høyanger kommune.)

Ord til avslutning v/ Karl Hjelmeland

Neste møte Måndag 29.august kl 19.00 på kyrkjekontoret.

Lavik 10.05.2022

Torunn Styve

Ref.

Sak 02/22: Gudstenesteplanen, klokkar, kyrkjevert og takkoffer.

Dato		Prest	Organist	Kyrkjeterar	Klokkar	Kyrkjevert	Takkoffer	Merknad
17. mai kl. 13.00	Festgudsteneste	Audun	Peter	Bjarne	Torunn	Toril		
26. mai kl. 11.00	Konfirmasjon	Karl		Bjarne	Toril	Rolf Tonje	Alværa	Helgetorsdag
5. juni 11.00	Høgtidsgudsteneste	Karl		Audun			Bjørgvin bispedøme Cuba	Dåp/Pinsefest
19. juni 12.00	Gudsteneste Alværa 40 år							
7. august 11.00	Gudsteneste			Bjarne	?	?	Dei 4 diakonini institusjonane	
28. august 11.00	Gudsteneste			Bjarne			Misjon i Mali	Pres.av konfirmandar og 50-års-konfirmandar.
18. sept 11.00	Hausttakkefest			Olav			Søndagsskulen	
16. okt 11.00	Gudsteneste			Olav			Maf – bistand/nødhjelp	
6. nov 18.00	Helgemesse			Audun			Blå kors	
29. nov 18.00?	Lysmesse			Audun			Samordnast med andre arrangement i bygda	
24. des kl. 15.00	Familiegudstenste						Kirkens Nødhjelp	
Friluftsgudstenester i sommar:								
6.juni kl. 12.00: Sørebø								26. juni kl. 11.00: Kvernsteinsparken
10. juni kl. 14.00: Losna								17. juni kl. 12.00: Dagsturhytta Hyllestad.
								29. juli 18.00: Sande(sørsida) - Olsokgudsteneste
								31. juli kl. 14.00: Korssund